

## Reviderte retningsline for utlån/utleige av lokale i Gol skule

Gol skule kan etter nærare avtale leigast ut til lag og organisasjonar på desse vilkåra.

1. Desse romma kan leigast ut.
  - Skulekjøken/kiosk
  - Aula Hjarterom
  - Naturfagsrom I og II
  - Sløydsal
2. Tilbod om leige gjeld desse tidsromma
  - Måndag, tysdag og torsdag mellom kl 16.00 og 22.00. Regelmessig utleige og enkeltarrangement. Det kan ikkje leigast ut på dagtid i skuleåret
  - Utleige helg (laurdag og sundag): Enkeltarrangement etter nærare avtale med Tenestetorget. – sjå pkt 4
  - Utleige skulen sine feriar: Enkeltarrangement etter nærare avtale med Tenestetorget – sjå pkt 4
3. Fast/regelmessig utleige: Leigetakar som ynskjer å leige lokale i Gol skule regelmessig, melder frå til Tenestetorget innan 1. sept for inneverande skuleår. Skulen og Kulturskulen melder inn sine faste ettermiddagsaktivitetar innan 1. sept. Leigeavtalen gjeld for skuleåret. Faste leigetakarar må vike plassen viss skulen treng lokala. Leigetakar skal då varslast 2 veker på førehand. Leigetakarar som kjem etter fristen som ynskjer regelmessig leige, vil bli prioritert etter søkjarar som har søkt innan fristen.
4. Enkeltarrangement: Leigetakarar som ynskjer å leige skulen sine lokale for enkeltarrangement tingar lokale hjå tenestetorget. Enkeltarrangement er til dømes ein konsert, eit møte, kurs eller foredrag. Er det enkeltarrangement i helg eller skuleferie, må det inngåast eigen avtale om vilkår for leige og pris etter standard leigeavtale.
5. Utleige skal ikkje konkurrere med kommersielle aktørar i Gol kommune, som overnattings- og serveringsstader.
6. Det er utleige til registrerte lag og foreningar, kulturarrangørar, song og musikkgrupper. Det er **ikkje** utleige til privatpersonar eller private arrangement.
7. Aktivitetar knytt opp mot skulen eller kulturskulen si drift er ikkje å sjå på som utleige, og skal heller ikkje fakturerast.
8. Utleige skjer i høve til fastsett prisregulativ. All meirkostnad med utleige skal dekkjast av leigetakar. Det gjeld utgifter til ekstra reinhald, vaktmeister, administrasjon av utleige.
9. Leigetakar kan stillast økonomisk ansvarleg for skader på bygningar og utstyr påført av leietakar i leigetida.
10. Utleiga må ikkje vera i strid med vilkår som går fram av opplæringslova; § 9-5 «På grunnskolar og i kombinerte anlegg for skole og andre formål må det ikkje kunne serverast alkohol eller takast med alkohol til nyting under arrangement i offentleg som privat regi».
11. Leigetakar skal ha ein ansvarleg kontaktperson. Leigetakar skal sjå til at ikkje uvedkomande får tilgang til lokala. Leigetakar skal berre nytte det arealet som er avtalt.
12. Eigedomsavdelinga er formell utleigar.
13. Vaktmeisterfunksjon er tilgjengeleg på vakttelefon. Vaktmeistertenesta på vekedagane er felles med Gol samfunnshus.
14. Mat og drikke kan nytast berre i Hjarterommet.

15. Leietakars kontaktperson skal:

- Signere på leigeavtale der legevilkår framgår
- Kvittere på leigeavtale at branninstruks er lesen
- Kvittere ut nøkkelkort hos Tenestetorget og levere den attende straks leieforholdet er avslutta, med mindre det er gjort avtale om ny leigeperiode.
- Rydde lokala slik at dei er klar til bruk for neste brukar med omsyn til plassering av inventar m.m. Glas skal vera stengd og dører skal vera låste.
- Kontaktpersonen skal sjå til at skader blir meldt til Tenestetorget påfølgjande dag

16. Fakturering: For enkeltarrangement blir det fakturert fortløpande i etterkant av arrangementet. For fast utleige blir det sendt faktura 2 gonger årleg.

17. Branninstruks ligg som vedlegg til retningslinene.

12.6.2019